

MØTEIPROTOKOLL – KONTROLLUTVALET I LESJA KOMMUNE

Møtedato	Tid	Møtestad
Mandag 18. mars 2024	Kl. 09.00-14.30	Gammelbanken, møterom

Til stades:

Medlemmer: Elin Randi Johnson (leiar), Anders Norderhus (nestleiar), Rune Møller, Per Holseth, Torild Visnes Leirmo

Varamedlem:

Andre:

Elin Marit Andgard, sekretær i SKNG

Mariann Skotte, ordfører

Per Dag Hole, kommunedirektør

Øyvind Engen, økonomisjef

Elisabeth Nerli, kommunalsjef helse og oppvekst

Vigdís Nedregård, konsulent IKT

Saker som vart handsama:

Sak 7/24 Orienteringar som grunnlag til ROV

* Kommunens internkontroll

* Tilsyn 2020-23

Sak 8/24 Protokoll og referatsaker

Andre opplysningar:


Møteinnkalling: 5. mars 2024

Møteleiar: Elin Randi Johnson

Referent: Elin Marit Andgard, sekretær SKNG

Underskrifter:

Vi stadfester med vår underskrift at det som er ført i saksnummer 7-8/2024 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.



Torild Visnes Leirmo



Elin R. Johnson

**Utskrift:**

Protokoll fra kontrollutvalsmøtet går til: Kommunen, kontrollutval-medlemmer, Innlandet Revisjon IKS og SKNG si heimeside.

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandler:
Mandag 18.3.2024	104/24	7-8/2024	Elin Marit Andgard, SKNG

Godkjenning av innkalling og sakliste

Agenda for dagen vart litt endra.

Ingen merknad til innkalling og sakliste. Innkalling og sakliste godkjent.

Dialogmøte med ordfører og kommunedirektør

Kontrollutvalet hadde invitert ordfører og kommunedirektør til dialogmøte for å drøfte fylgjande tema:

- Kommunens eigenkontroll etter kommuneloven kap. 7
(felles forståing av ansvar og rolle, samspel i praksis, gjensidige ynskjer og behov, orientering i kommunestyret om ansvar og saker)
- Prosess for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Til stades: Ordfører Mariann Skotte, kommunedirektør Per Dag Hole samt kontrollutvalet.

Dette vart avtalt:

- Administrasjonen sørger for at kontrollutvalet er orientert om tilsynsvarsel og får tilsendt tilsynsrapportar.
- Det er ynskjeleg at kontrollutvalet har orientering i kommunestyret 1-2 gonger årleg. I første omgang om kommunens eigenkontroll, med fokus på kommunestyrets og kontrollutvalets ansvar, saksgang m.m. Ordfører avtalar dato saman med utvalsleiar.
- Til prosessen for å lage plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll:
 - Kommunedirektør orienterer kontrollutvalet om kommunens internkontroll og gje oversikt over gjennomførte tilsyn.
 - Innspel frå dei folkevalgte ved formannskapet.
 - Innspel frå administrasjon og andre gjennom lederforum og kommunedirektørens møte med dei tillitsvalgte. Sekretariatet lager eit notat som grunnlag til dette.
- Administrasjonen set av tid til orienteringar ut frå kontrollutvalets møteplan. Sekretariatet/utvalet bestiller orienteringstema i god tid før møtet.
- Sekretariatet sender møteplan til ordfører og kommunedirektør.
- Kommunedirektør sjekker opp når eigarskapsmelding var sist handsama.
- Kommunen har arbeida med vedtaksoppfølging. Kontrollutvalet vil gjerne få oversikten.
- Kommunedirektør planlegg rapport om internkontroll til kommunestyret i mai.
- Kontrollutvalet er eit viktig fora, og det er ynskjeleg med eit aktivt utval innanfor utvalets mandat og ramme.
- Kontroll og tilsyn er viktig for å bli bedre.
- Dialogmøtet var nyttig, kan ha fleire slike møter, det er viktig med god dialog.

Sak 7/24 Orienteringar som grunnlag til ROV

Saksutgreiing

Bakgrunn

I sak 4/24 vedtok kontrollutvalet prosessen for å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Orientering frå kommunedirektør om kommunens internkontroll og tilsyn er saman med anna informasjon og innspel, grunnlag til kontrollutvalets risiko- og vesentlegvurdering.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringane med til risiko- og vesentlegvurderinga.

Handsaming

Kommuneadministrasjonen orienterte om:

- Kommunens internkontroll (mål, organisasjon, risikovurdering og tiltak – overordna for kommunen og sektorvis)
- Gjennomførte tilsyn i perioda 2020-23 (når, tema og status pr d.d.)

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringane med seg til risiko- og vesentlegvurderinga.

Sak 8/24 Protokoll og referatsaker

Saksutgreiing

Møteprotokoll 19. februar 2024

Opplæring og konferanser

~~○ Opplæringstema "Arbeid i kontrollutvalet"~~

Bernt svarer

5.2: Kan utvalgsleder eller tre medlemmer av et utvalg bestemme at saken likevel ikke skal behandles, selv etter at den er tatt opp til diskusjon i utvalget?

Bernt svarer: Møteleder bør spørre om det er noen som motsetter seg at det treffes vedtak

12.2: Kan en leder i PBL som også er folkevalgt, skrive forslag til høringsuttalelse om barnehageloven?

Bernt svarer: Ledelsen i organisasjonen vil trolig ikke være inhabile

19.2: Jeg trodde man kunne være med i lag og foreninger uten at man havnet i habilitetstrøbbel som kommunestyrerepresentant, men så ser jeg at det ikke alltid er tilfellet. Hva er det jeg ikke har forstått?

Bernt svarer: Styremedlemmet er klart inhabil.

4.3: Er jobben med å ivareta barn og unges interesser et offentlig tillitsverv eller bare «en jobb»?

Bernt svarer: Reglene om inhabilitet i forvaltningsloven gjelder fullt ut

Spørsmål og "ope post"

- Kontrollutvalet tok opp at det bør ha oversikt over kommunens reglement, inkl kommunens arbeidsgjevarstrategi, samt etterspørre oversikt av antall meldte avvik pr sektor.

Forslag til vedtak

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 19. februar 2024 er godkjent.

Referatsaker er teke til orientering.

Vedtak

- Protokoll frå kontrollutvalsmøte 19. februar 2024 er godkjent.
- Kontrollutvalet ber om å få tilsendt kommunens reglement.
- Kontrollutvalet ynskjer å få tilsendt oversikt over antall meldte avvik pr. sektor.
- Referatsaker er teke til orientering.